

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Stein Kittelsen
Arkivsaksnr.: 16/3462 - 1

Arkiv: 153

Planlagt behandling:

Formannskapet
Kommunestyret

BUDSJETTENDRING/TERTIALRAPPORT 2 - 2016

Vurdering:

Oppsummering

Samla venter rådmannen at kommunen vil få eit mindreforbruk på 2,3 millionar ved utgangen av 2016. Det er 0,18 % av samla driftsinntekter. Alle etatane og tenesteområdet held budsjettramma.

Rådmannen trur at oppdatert skatteanslag for Klepp og landet er realistiske og reknar ikkje med inntektssvikt ut over hausten. Mykje tyder på at arbeidsløysa har nådd toppen i denne omgang. Skattetala for september (som ikkje er med i tala under) tyder og på ei auke i aktivitet og løn.

Drift

Skjema 1A	R2015	R2016	B2016	P2016	Avvik	Endring	Note
Skatt på inntekt og formue	-496,8	-325,2	-520,0	-520,0	0,0		1
Rammetilskot inkl. språkdeling	-406,4	-289,0	-413,0	-413,7	-0,7	-0,7	2
Sal frikraft (Klepp energi AS)	-1,0	-0,6	-1,1	-0,9	0,2		
Andre tilskot							
Rentekompensasjon	-4,0	-0,4	-3,9	-3,7	0,2		4
Tilskot flyktningar	-23,7	-14,9	-21,3	-25,1	-3,8		3
Diverse inntekter	-0,7	-6,5	0,0	0,0	0,0		
Sum frie disponible inntekter	-932,7	-636,7	-959,3	-963,4	-4,1	-0,7	
Renteinntekter							
Ordinære renteinntekter	-5,1	-1,1	-2,2	-3,2	-1,0		4
Renter lån energiselskap	-4,5	-2,0	-3,7	-3,9	-0,2		4
Renteinnt. Etableringslån/Startlån	-2,0	-1,1	-2,5	-1,9	0,6		4
Kalk.renter og avskrivningar (VA)	-2,2	0,0	-2,2	-1,9	0,3		5
Utbytte Energiselskap	-26,3	-25,8	-25,8	-25,8	0,0		
Gevinst finansielle instrument	-1,3	0,0	0,0	0,0	0,0		
Renteutgifter							
Ordinærer renteutgifter	19,7	6,1	16,8	18,6	1,8		4
Renteutg. Etableringslån/Startlån	3,1	1,1	2,9	1,7	-1,2		4
Tap finansielle instrument	0,5	0,0	0,0	0,0	0,0		
Avdrag på lån	54,8	25,1	58,6	58,6	0,0	-1,0	8
Netto finansinnt./utgifter	36,7	2,3	42,0	42,2	0,2	-1,0	
Til ubundne avsetningar							
Avsett disposisjonsfondet	12,9	18,2	14,5	14,5	0,0	1,0	
Avsett forsikringsfond	0,1	0,0	0,1	0,1	0,0		
Avsett flyktningefond (overføres etatar)	23,7	0,0	21,3	25,1	3,8		3
Bruk av tidlegare mindreforbruk	-0,2	-18,2	-18,2	-18,2	0,0		

Netto avsetningar	36,5	0,0	17,7	21,5	3,8	1,0	
Overført til investeringar	0,8	0,0	17,3	17,3	0,0		
Seniortiltak	1,8	0,2	2,0	1,8	-0,2		
AFP 62-65	3,8	1,7	4,0	3,0	-1,0		
Tidlegare års premieavvik	6,2	0,0	8,3	8,3	0,0		
Årets premieavvik	-14,1	0,0	-22,5	-22,5	0,0		6
Lønsreserve	0,0	0,0	16,1	14,3	-1,8		7
Tilleggsløyving formannskapet			0,2	0,2	0,0		
Diverse utgifter	2,9	0,0	0,0	0,0	0,0		
Sum diverse	1,5	1,9	25,3	22,4	-2,9	0,0	
Til fordeling drift (skjema 1B)	-858,1	-632,4	-874,3	-877,3	-3,0	-0,7	
Skjema 1B							
Sentraladministrasjonen	42,6	30,0	46,9	46,9	0,0		9
Skule og barnehage	410,8	222,0	417,1	417,1	0,0		10
Helse, Sosial og Omsorg	297,7	198,3	317,2	317,9	0,7	0,7	2,11
Lokal utvikling	79,7	44,0	84,0	84,0	0,0		12
Kyrkja	9,1	7,6	9,1	9,1	0,0		13
VAR	0,0	-1,4	0,0	0,0	0,0		14
Sum fordelt	839,9	500,4	874,3	875,0	0,7	0,7	
Meir-/mindreforbruk (-)	-18,2	-132,0	0,0	-2,3	-2,3	0,0	15

* Tal i hele mill.

Noter:

1. Sjå eige avsnitt.
2. I anslaget er det lagt til grunn regjeringa sitt anslag på skattevekst på 6,4 % for landet samla.
Klepp er tildelt prosjektmidler via skjønnsramma i rammetilskotet. 300.000,- til "Frivillig innsats - nye vegar å gå" og 400.000,- til "Fornyning og forbetring innan demensområdet". Midlar er foreslått tilført Tenesteområdet helse og velferd.
3. Prognosar oppdatert i samsvar med forventta mottak av 44 flyktingar i 2016. Midlane vert avsett til flyktingefondet og fordelt til avdelingane. Middel i samband med etablering av Sana sitt flyktingemottak inngår ikkje i dette.
4. Renta har hittil år i vore om lag som budsjettert samla sett. Husbankrenta noko lågare, Nibor og marginane høgare.
Likviditeten har vore høgare gjennom året som følgje forsinka framdrift investeringar og tidleg låneopptak. Det er lagt opp til redusert låneopptak i saka og avdraga kan difor justerast ned.
5. Kalk. renter og avdrag vert truleg lågare som følgje av lågare rente, forsinka investeringar og reviderte kalkylar.
6. Pensjon er venta å bli som budsjettert.
7. Det er venta å bruke 1,8 mill. mindre enn avsett i budsjettet som følgje av lågare lønsvekst enn venta.
8. Låneopptak kan reduserast grunna utsette investeringar. Avdrag kan reduserast tilsvarande halvt års avdrag av redusert låneopptak. Sjå forslag til vedtak.

9. Sentraladministrasjonen ventar å gå i balanse. Noko overforbruk til IKT vert dekkja av samla ramme/overskotsfond.
10. Pr. 2. tertial reknar framleis dei aller fleste avdelingane med at dei kjem til å gå i balanse ved årsslutt. Totalt for heile etaten reknar kommunalsjefen med at etat for skule og barnehage vil koma i balanse også i 2016.
11. Helse og velferd ligg pr. 2. tertial i balanse. Ø-hjelpe ligg med eit mindreforbruk på 1,8 millionar og bidrar til at resultatet vårt ser betre ut enn det det er. Ø-hjelpen skal setja eventuelt mindreforbruk på fond, og helse og velferd sitt resultat viser et meirforbruk på 1,5 millionar pr. 2. tertial. Helse og velferd får mindre inntekter og noko lågare utgifter, i forbindelse med eit par ressurskrevjande brukarar som er falt frå. Lønnsreserven hos kommunalsjefen vil dekkja meirforbruket.
12. Avdelingane viser stort sett små avvik frå periodebudsjett i 2.tertial. Salsinntekt byggjesak ligg litt under budsjett. Vedlikehald og kultur har lågt forbruk, men reknar med høgare utgifter resten av året. Etaten har kontroll på løpande utgifter og inntekter, og så langt forventar ein verken under- eller overforbruk.
13. VAR-området reknar med om lag 1,4 millionar overskot som budsjettert (Vatn 0,6 mill., Avløp 0,5 mill. og Renovasjon 0,3 mill.). Overskot ved vatn og avløp vert satt på sjølvkostfond, og renovasjon vil det dekkja tidlegare års meirforbruk.
14. Ventar eit lite meirforbruk på kyrkjegardar.
15. Samla mindreforbruk er venta å bli 2,3 millionar om ein legg prognosane til grunn. Det er 1,8 promille av samla inntektar.

Skatt

Skatteanslaget vart i 1. tertialrapport ned justert frå 546 millionar til 520 millionar. Dette tilsvarar ein vekst frå 2015 på 4,6%. Ved utgangen av august var skatteveksten på 5,4 %.


Innbetaling av tilleggsforskot på restskatt og tidleg innbetaling av restskatt er årsaka til veksten pt.

Underliggjande vekst (forskotstrekk og forskotsskatt) var ved utgangen av august på om lag 2 % og utan ein klar trend.


Skatteinntekta i september vart betre enn venta med ein underliggjande skattevekst på 3,9 %. Skatteanslaget for året vil halde om skatteavrekninga og fordelingsoppgjøret for 2015 ikkje gjer spesielle utslag i november.

Veksten for landet ligg over regjeringa sitt anslag, men veksten vert truleg redusert dei siste månadane av året av same grunnar som for Klepp.

Endring skatteinngang aug.2016/aug.2015



Arbeidsledige i utvalde kommunar



Disponering sysselsetjing midlar

Rådmannen fekk fullmakt til å disponere desse og rapportera i 2. tertialrapport. Sjå vedlegg.

Investeringar

Oversikt over status og kommentarar på investeringane følgjer vedlagt. Mange av investeringane ligg etter planen. Det er difor foreslått at løyvingane i 2016 vert redusert og at desse vert innarbeida i budsjett for 2017.

I samband med dette kan låneopptaket reduserast i 2016. Samla får dette følgjande verknad:

Sum endra løyving	-65 920 000
Redusert tilskot bustadar	6 400 000
Redusert lån bustader (Husbanken)	18 600 000
Redusert MVA kompensasjon	5 000 000
Redusert låneopptak investeringar	35 920 000
Sum	-

Vedlegg:

- Finansrapport.
- Disponering av ekstra sysselsettingsmiddel.
- Investeringar med kommentarar
- Tertialrapport etat for lokal utvikling – vert ettersendt
- Tertialrapport etat for skule og barnehage – vert ettersendt
- Tertialrapport tenesteområdet helse og velferd - vert ettersendt

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

1. Økonomirapporten vert tatt til orientering.
2. Rammetilskotet vert auka med kr 700.000. Ramma til Helse og velferd vert auka tilsvarande.
3. Løyvingar til investeringar vert justert med til saman kr 65.920.000 i samsvar med vedlagt liste.
4. Tilskot bustader vert redusert med kr 6.400.000.
5. MVA kompensasjon vert redusert med kr. 5.000.000.
6. Årets låneopptak bustader vert redusert med kr 18.600.000.
7. Årets låneopptak til investeringar vert redusert med kr 35.920.000.
8. Årets avdragsbetaling vert redusert med kr 1.000.000. Midlane vert avsett til disposisjonsfond.

Rådmannen i Klepp 06.10.2016

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.